



Arkiv: FA-K40, TI-&13,
HØRING-31.07.2026
JournalpostID: 26/37329
Saksbehandlar: Lindis Bergland
Østgård
Dato: 06.08.2026

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
26/059	Samfunnsutval	02.09.2026
	Stad kommunestyre	

Vedtak om Forskrift om opning av jakt og fastsetting av minsteareal for hjort og fastsetting av fellingsavgift for hjort

Bakgrunn for saka:

Forskrift om opning av jakt og fastsetting av minsteareal for hjort og fastsetting av fellingsavgift for hjort har vore på høyring med høyringsfrist 31.07.2026. Det skal no gjerast vedtak i saka.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Stad kommune vedtek «Forskrift om opning av jakt, fastsetting av minsteareal og fellingsavgift for hjort, Stad kommune, Vestland» slik det framkjem som vedlegg i saka.

Vedlegg i saka:

14.08.2026	2026 Forskrift om opning av jakt og fastsetting av minsteareal og fellingsavgift for hjort - Stad - v3	1874751
------------	--	---------

Samfunnsutval 02.09.2026:

Handsaming:

Det vart røysta over kommunedirektøren sitt framlegg som vart samrøystes vedteke.

SAMF - 26/059 Vedtak:

Stad kommune vedtek «Forskrift om opning av jakt, fastsetting av minsteareal og fellingsavgift for hjort, Stad kommune, Vestland» slik det framkjem som vedlegg i saka.

Saksopplysningar:

Viltressurslova trådde i kraft 1. juli 2026. Det er no eit krav om at kommunar som ønskjer å krevje inn fellingsavgift for kvart dyr som blir felt av elg og hjort, må gjere dette gjennom forskrift. Stad kommune har valt å samle dette med forskrifta som opnar for jakt og fastsett minstearealet for hjort.

Forskrift om opning av jakt og fastsetting av minsteareal for hjort og fastsetting av fellingsavgift for hjort, Stad kommune, Vestland har vore på høyring i perioden 10. juni til 31. juli 2026. Det er berre § 3 om fellingsavgift som har vore på høyring. Det har ikkje kome inn innspel i høyringsperioden.

Satsen for vaksen hjort er redusert frå full sats til 80 % av Statens makssats i forslaget. Satsen på kalv er som tidlegare 25 % (eller 1/4) av Statens makssats. Dette var gjort både fordi viltfondet har vekse dei siste åra og det er mykje pengar på fondet, samt at det var ønskje frå administrasjonen å ha lik sats som Gloppen kommune i og med at det er felles landbrukskontor.

Satsane lagt fram er:

- Vaksen hjort (1,5 år og eldre): 80 % av Statens makssats.
- Kalv: 25 % av Statens makssats.

Vurdering:

Forskrift om jakt etter hjort og minsteareal for Stad kommune har vore på høyring i perioden 14. januar til 6. februar 2026. Det kom ikkje høyringsinnspel innan fristen, og det må då leggst til grunn at dei fleste er nøgd.

Forskriftsutkastet var laga etter mal frå Landbruksdirektoratet. Namnet på forskrifta er tungvint og kommunedirektøren meiner det må vere rom for å endre denne til «Forskrift om opning av jakt, fastsetting av minsteareal og fellingsavgift for hjort, Stad kommune, Vestland». Dette er einaste endring som er gjort i vedlagd forskriftsutkast.

Då saka var lagt på høyring var det ønskje frå administrasjonen om å ha lik fellingsavgift i Gloppen og Stad kommune. Gloppen kommune handsama tilsvarande sak etter at forslaget vart sendt ut til Samfunnsutvalet i Stad og gjorde vedtak om å endre teksten i høyringsutkastet til: *Satsane for fellingsavgift på hjort i Gloppen kommune skal være inntil Statens maks sats og vert vedteke årleg i Gloppen kommune sitt gebyrregulativ.* Landbruksdirektoratet har seinare sagt at ein slik formulering berre er mogleg om gebyrregulativet vedtakast etter formkrava til ei forskrift i forvaltningslova. I Gloppen vart det vedteke i same møte at satsane for jakta 2026 skulle vere 80 % av Statens makssats for vaksen hjort og 50 % av Statens makssats for kalv. Saka er ikkje ferdig handsama etter høyringsperioden.

Sjølv om intensjonen var å ha like satsar, er dei føreslegne satsane meir passande for Stad kommune enn forslaget Gloppen kommune har kome med for jakta 2026.

Kommunedirektøren rår til å fastsette forskrifta slik den er lagt fram som vedlegg.

Økonomisk berekraft:

Ingen direkte. Fellingsavgifta går inn på kommunen sitt viltfond og blir regulert i forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond § 5. Per 1.1.2026 stod det om lag kr 1 200 000,- på viltfondet. I tillegg til renter avhenger inntektene til viltfondet av kor mange hjort (kalv/vaksen) som blir felt i jakta, samt satsane på fellingsavgifta for dei to kategoriane.

Sosial berekraft:

Satsane bestemt for fellingsavgifta for felt hjort kan ha verknad på jegeren sin privatøkonomi. Då forslaget legg opp til å nytte lågare satsar enn tidlegare, vil det ha ein positiv verknad.

Miljømessig berekraft:

Ingen.